

- **UTTALE FRA ÅRMØTET 14.MARS 2019.**

- **Fylkesvegen fra Grandatun til Rossnes.**

Vegen er generelt i ein skrøpeleg forfatning med djupe spor, holer og dårleg asfalt. Den treng snarleg opprusting og vedlikehald. Det er stor trafikk på vegen, men den fungerer på eit vis ved hjelp av private avkjørslar i mangel av tilstrekkeleg vegbredde og møteplassar.

For dei næringsdrivande er det ei utfordring både å få fram vareleveransar og utkjøring av ferdige produkt med store kjøretøy då det ikkje er tillatt å kjøre med vogntog.

Transport med tømmer må til dømes skje med enkel bil fram til Bøvågen for omlasting. Dette fører til høgare trafikkbelastning og auka kostnader til transport.

Vi har tidlegare fått inntrykk at det var arbeid i gang som skulle føre til etablering av fleire møteplassar på vegen, men er usikker på om dette arbeidet er starta opp.

Grunneigarlaget har fått fleire innspel frå medlemmer grunna dei vanskar den dårlege vegstandarden fører med seg der dei ber om at begrensingane på Rossnesvegen vert oppheva.

Grunneigarlaget ber derfor Radøy kommune og Hordaland fylkeskommune om å vurdere vegstandarden snarast og iverksetje naudsynte tiltak.

Grunneigarlaget vil oppmoda politikarane å arbeide for og ivareta næringslivet samt bidra til auka busetjing og sysselsetjing i krinsen. Utbetring og oppgradering av vegen er ei viktig brikke i dette.